

3.KV. | 16

**STATENS
PENSJONSFOND
UTLAND**

**KVARTALSRAPPORT
/2016**

HOVUDPUNKT

Tal og fakta 3. kvartal 2016

4,0%

240 MRD. KR

Statens pensjonsfond utland fekk ei avkastning på **4,0** prosent, eller **240** milliardar kroner, i tredje kvartal 2016.





**AKSJE-
INVESTERINGANE**

6,0 %



**RENTE-
INVESTERINGANE**

0,9 %



**EIGEDOMS-
INVESTERINGANE**

2,3 %

Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet var **6,0** prosent, mens renteinvesteringane fekk ei avkastning på **0,9** prosent. Investeringar i eigedom fekk ei avkastning på **2,3** prosent.

Avkastninga på aksje- og renteinvesteringane var **0,2** prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksane som fondet blir målt mot.

7 118 mrd. kr

Ved utgangen av kvartalet var marknadsværdien av fondet **7 118** milliarder kroner. Fondet var investert med **60,6** prosent i aksjer, **36,3** prosent i rentepapir og **3,1** prosent i eiendom.



**AKSJE-
INVESTERINGANE**

60,6 %



**RENTE-
INVESTERINGANE**

36,3 %



**EIGEDOMS-
INVESTERINGANE**

3,1 %



Innhald

1

FORVALTNINGA

Marknadsutviklinga _____	6
Aksjeinvesteringane _____	7
Renteinvesteringane _____	10
Eigedomsinvesteringane _____	14
Ansvarleg forvaltning _____	15
Risikostyring _____	16

2

NØKKELTAL

Nøkkeltal _____	19
-----------------	----

3

REKNESKAP

Rekneskaps- rapportering _____	23
Notar til rekneskaps- rapportering _____	28
Revisjonsmelding _____	49

WWW.NBIM.NO

Norges Bank Investment Management forvaltar Statens pensjonsfond utland. Oppdraget vårt er å vareta og utvikle finansielle verdiar for framtidige generasjonar.

Forvaltninga

MARKNADSUTVIKLING

Kvartalet var prega av positiv avkastning i dei fleste marknadene, trass i politiske hendingar som kuppforsøket i Tyrkia og auka uvisse etter den britiske folkeavstemminga om EU-medlemskap. Framveksande marknader hadde ei spesielt positiv utvikling. God aksjeavkastning i sykliske sektorar indikerte redusert uvisse om global vekst i finansmarknadene.

I USA har økonomiske data halde fram med å vise at økonomien er i gradvis betring. Arbeidsløysa heldt seg rundt 5 prosent, og den gjennomsnittlege jobbveksten per måned var i underkant av 200 000 gjennom kvartalet. Framleis solid jobbvekst og ekspansiv pengepolitikk bidrog til at innanlandsk etterspørsel var relativt stabil gjennom kvartalet. Den amerikanske sentralbanken valde, i tråd med forventninga i marknaden, å halde styringsrenta uendra i tredje kvartal. Prisveksten var moderat, og sentralbanken har uttalt at den såkalla nøytrale realrenta for tida er svært låg. Banken signaliserte at det er sannsynleg med ein renteauke mot slutten av året.

I Europa påverka politiske hendingar marknadene i tredje kvartal. Spørsmålet om soliditeten til italienske bankar uroa marknadene noko, og uvisse knytt til at britane stemte for å melde landet ut av EU, fekk mykje merksemd. Pundet svekte seg omkring 4 prosent mot valutaene til dei viktigaste handelspartnarane til britane, mens rentene på britiske statsobligasjonar fall i byrjinga av kvartalet.

Økonomiske data overraska marknadene positivt gjennom kvartalet, hjelpt av ein svakare valuta og forventningar om fleire tiltak frå sentralbanken i Storbritannia. I august senka den britiske sentralbanken styringsrenta og utvida ramma for kvantitative lettar.

Det var positiv marknadsutvikling i Japan med god avkastning i aksjemarknadene. Sentralbanken i Japan endra mot slutten av kvartalet det operative målet for pengepolitikken ved å skifte frå eit kvantumsmål til eit prismål for dei kvantitative lettane sine. Målet er å styre 10-årsrenta, slik at denne i første omgang blir halden nær null. I tillegg forplikta dei seg til å halde fram å auke pengemengda inntil inflasjonen stig over 2 prosent.

Økonomiske data i mange framveksande økonomiar viste teikn til betring, og det var positiv marknadsutvikling i tredje kvartal.

AKSJEINVESTERINGANE

Aksjeinvesteringane, som utgjorde 60,6 prosent av fondet ved utgangen av kvartalet, fekk ei avkastning på 6,0 prosent. Avkastninga i kvartalet var driven av ein oppgang i globale aksjemarknader. Veksten i aksjemarknadene var sterkast i framveksande marknader og Japan.

Sterkast avkastning i Asia og Oseania

Det var positiv avkastning i alle regionar. Aksjar i Asia og Oseania hadde ei avkastning på 8,7 prosent og utgjorde 21,7 prosent av aksjeinvesteringane til fondet. Avkastninga for japanske aksjar var 8,6 prosent. Japanske aksjar utgjorde 9,3 prosent av aksjeinvesteringane.

Europeiske aksjar hadde ei avkastning på 6,2 prosent i kvartalet. Totalt var 37,0 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plassert i europeiske selskap. Storbritannia, som er den største europeiske marknaden fondet har,

hadde ei avkastning på 4,6 prosent. 10,3 prosent av aksjeinvesteringane var plassert her.

Nordamerikanske aksjar hadde ei avkastning på 4,6 prosent i kvartalet og stod for 38,2 prosent av aksjeinvesteringane til fondet. Avkastninga for aksjar noterte i USA var 4,7 prosent. USA var den største enkeltmarknaden fondet hadde, og stod for 36,1 prosent av aksjeinvesteringane.

Den kinesiske aksjemarknaden fekk ei avkastning på 10,6 prosent. Totalt var 2,8 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plassert her. Aksjar i framveksande marknader hadde ei avkastning på 8,3 prosent i kvartalet. Totalt var 9,5 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plassert i framveksande marknader.

Høgast avkastning for teknologiselskap

Teknologiselskap hadde den sterkaste avkastninga i kvartalet med ein oppgang på

Tabell 1 Avkastninga på fondets aksjeinvesteringar i tredje kvartal 2016. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av aksje beholdninga ¹
Finans	8,0	21,8
Konsumvarer	5,4	14,5
Industri	8,9	14,2
Helse	0,1	10,6
Konsumtenester	4,0	10,5
Teknologi	13,5	9,7
Olje og gass	2,0	6,0
Materialar	11,6	5,4
Kraft- og vassforsyning	-1,0	3,4
Telekommunikasjon	-0,8	3,3

¹ Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

Tabell 2 Fondets største aksjebeholdningar per 30. september 2016. Millionar kroner

Selskap	Land	Behaldning
Nestle SA	Sveits	52 969
Apple Inc	USA	42 991
Royal Dutch Shell Plc	Storbritannia	37 136
Alphabet Inc	USA	33 969
Roche Holding AG	Sveits	32 267
Novartis AG	Sveits	31 758
Microsoft Corp	USA	29 352
BlackRock Inc	USA	24 895
Johnson & Johnson	USA	23 884
Exxon Mobil Corp	USA	23 278

13,5 prosent. Forbrukarane bruker meir tid på smarttelefonane sine, og sektoren vart påverka av sterk vekst i e-handel og digital reklame. I bedriftssegmentet heldt veksten fram innanfor nye skybaserte IT-tenester, i tillegg til auka investeringar i tradisjonell maskin- og programvare.

Materialselskap hadde ei avkastning på 11,6 prosent. Oppgangen var driven av råvareprisanes utvikling i kvartalet.

Industrielskapa fekk ei avkastning på 8,9 prosent i kvartalet. Utviklinga i sektoren har vore prega av betre framtidsutsikter.


Hovuddrivarene var høgare og meir stabile råvareprisar, låge rentenivå og ei betring i den kinesiske marknaden.

Selskap innanfor kraft- og vassforsyning hadde den svakaste avkastninga i kvartalet med ein nedgang på -1,0 prosent. Nedgangen kom hovudsakleg av forventningar om høgare rentenivå.

Enkeltinvesteringar


Investeringa i teknologiselskapet Apple Inc bidrog mest positivt til avkastninga i tredje kvartal, følgt av investeringane i finansselskapet HSBC Holdings Plc og teknologiselskapet

Figur 1 Kursutviklinga i ulike aksjesektorar i FTSE Global All Cap-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2015 = 100



Kjelde: FTSE

Figur 2 Kursutviklinga i regionale aksjemarknader. Målt i amerikanske dollar, med unntak av Stoxx Europe 600, som er målt i euro. Indeksert totalavkastning 31.12.2015 = 100



Kjelde: Bloomberg

Alphabet Inc. Enkeltelskapa som bidrog mest negativt til avkastninga, var farmasiselskapet Novo Nordisk A/S, oljeselskapet Royal Dutch Shell Plc og farmasiselskapet Bristol-Myers Squibb Co.

Vi deltok i totalt 31 børsnoteringar i kvartalet. Den største børsnoteringa i marknaden der fondet kjøpte aksjar, var teknologiselskapet Nets A/S. Deretter følgde teknologiselskapet LINE Corporation og finansselskapet China Merchants Securities Company Ltd. Dei største deltakingane fondet hadde i børsnoteringar, var i Nets A/S, LINE Corporation og finansselskapet First Hawaiian Inc.

AVKASTNING MÅLT I INTERNASJONAL VALUTA

Fondet investerer i internasjonale verdipapir i utanlandsk valuta. Avkastninga til fondet blir primært målt i internasjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetjing av valutaene i fondet sine referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Denne samansetjinga blir omtalt som valutakorga til fondet og bestod av 34 valutaer ved utgangen av tredje kvartal 2016. Om ikkje anna er sagt i teksten, er resultatmålinga gjort i valutakorga til fondet.

Relativ avkastning

Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet blir samanlikna med avkastninga til globale referanseindeksar for aksjar. Referanseindeksen til fondet blir fastsett av Finansdepartementet og tek utgangspunkt i den globale All Cap-indeksen frå FTSE Group.

Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet var i tredje kvartal 0,3 prosentpoeng høgare enn avkastninga til referanseindeksen for aksjar. Aksjar innanfor sektorane industri og konsumvarer bidrog mest til meiravkastninga i kvartalet. Fordelt på land var det spesielt aksjar i USA og Tyskland som bidrog til det positive relative resultatet, mens aksjar i Australia bidrog mest negativt.

Intern referanseportefølje

Vi har utforma ein intern referanseportefølje for aksjar. Referanseporteføljen tek omsyn til særtrekk og føremål med fondet, og skal over tid gje eit betre byteforhold mellom forventa avkastning og risiko. Den interne referanseporteføljen for aksjar fekk ei avkastning på 5,8 prosent i tredje kvartal. Avkastninga var 0,1 prosentpoeng høgare enn avkastninga til referanseindeksen fastsett av Finansdepartementet.

RENTEINVESTERINGANE

Renteinvesteringane utgjorde 36,3 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal og oppnådde ei avkastning på 0,9 prosent. Det har vore ulik utvikling i hovudmarknadene til fondet. Vi såg ein svak renteoppgang i USA og Japan, mens rentene i Storbritannia fall til historisk låge nivå.

Positiv avkastning frå renteinvesteringane

Statsobligasjonar fekk ei avkastning på 0,7 prosent og utgjorde 56,9 prosent av renteinvesteringane til fondet ved utgangen av kvartalet.

Amerikanske statsobligasjonar fekk ei avkastning på -0,5 prosent. I lokal valuta var avkastninga -0,3 prosent. Amerikanske statsobligasjonar stod for 17,8 prosent av

renteinvesteringane, og var den største beholdninga av statsgjeld fondet hadde frå ein enkeltutferdar. Den amerikanske sentralbanken gjorde ingen endringar i pengepolitikken dette kvartalet, men prisinga i marknaden indikerte auka sannsyn for ei renteheving neste kvartal.

Euro-denominerte statsobligasjonar, som utgjorde 13,1 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på 1,6 prosent. Målt i euro var avkastninga 0,7 prosent. Den europeiske sentralbanken konsentrerte seg om gjennomføring av tidlegare vedtekne pengepolitiske tiltak, og har ikkje endra rentenivået i perioden.

Britiske statsobligasjonar, som utgjorde 3,5 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -0,3 prosent. I lokal valuta var avkastninga 2,8 prosent. Den britiske

Tabell 3 Avkastninga på fondets renteinvesteringar i tredje kvartal 2016. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av renteinvesteringane ¹
Statsobligasjonar ²	0,7	56,9
Statsrelaterte obligasjonar ²	0,9	13,1
Realrenteobligasjonar ²	0,7	4,7
Selskapsobligasjonar	1,4	22,3
Pantesikra obligasjonar	0,8	5,5

¹ Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

² Nasjonale statar utferdar fleire typar obligasjonar, og desse blir grupperte i ulike kategoriar for fondets renteinvesteringar. Obligasjonar som er utferda av eit land i landets eigen valuta, blir klassifiserte som statsobligasjonar. Obligasjonar som er utferda av eit land i eit anna lands valuta, inngår i kategorien statsrelaterte obligasjonar. Realrenteobligasjonar som er utferda av eit land, inngår i kategorien realrenteobligasjonar.

Tabell 4 Fondets største obligasjonsbeholdningar per 30. september 2016. Millionar kroner

Utferdar	Land	Behaldning
Amerikanske stat	USA	538 107
Japanske stat	Japan	177 152
Tyske stat	Tyskland	150 546
Britiske stat	Storbritannia	90 918
Koreanske stat	Sør-Korea	47 607
Franske stat	Frankrike	47 152
Meksikanske stat	Mexico	46 329
Spanske stat	Spania	46 201
Italienske stat	Italia	36 756
Kreditanstalt für Wiederaufbau	Tyskland	33 402

Tabell 5 Fondets obligasjonar per 30. september 2016 fordelt etter kredittvurdering. Prosent av beholdninga

	AAA	AA	A	BBB	Lågare vurdering	Totalt
Statsobligasjonar	26,8	9,8	10,5	6,8	1,6	55,5
Statsrelaterte obligasjonar	5,5	5,2	1,3	0,7	0,1	12,7
Realrenteobligasjonar	3,3	0,3	0,2	0,5	0,4	4,6
Selskapsobligasjonar	0,2	2,2	8,1	11,0	0,4	21,8
Pantesikra obligasjonar	4,6	0,6	0,0	0,2	0,0	5,4
Sum obligasjonar	40,4	18,1	20,0	19,1	2,4	100,0

sentralbanken vedtok ei omfattande tiltaks-pakke på møtet sitt i august. Styringsrenta vart kutta med 0,25 prosentpoeng, eit nytt kjøpsprogram for stats- og selskapsobligasjonar vart annonsert, i tillegg til eit låneprogram for å stø utlånsaktiviteten til bankane.

Japanske statsobligasjonar, som utgjorde 6,7 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -0,3 prosent. I lokal valuta var avkastninga -1,3 prosent. Den japanske sentralbanken signaliserte i september at pengepolitikken no siktar mot eit prismål, det vil seie inflasjon stabilt over 2 prosent før innstrammingar i pengepolitikken blir aktuelt. Dei tok også i bruk eit nytt verktøy kalla rentekurvekontroll, som inneber at 10-årsrenta skal haldast nær null. Dette var omtrent nivået til japanske 10-årsrenter før møtet. Avgjerda vart følgt av ein svak oppgang i 10-årsrentene, men skapte ingen større marknadsrørsler.

Fondet er også investert i obligasjonar frå statsrelaterte institusjonar som Kreditanstalt für Wiederaufbau (KfW), European Investment Bank (EIB) og Canada Housing Trust No.1 (Canhou). Statsrelaterte obligasjonar hadde ei

avkastning på 0,9 prosent og utgjorde 13,1 prosent av renteinvesteringane.

Selskapsobligasjonane fekk ei avkastning på 1,4 prosent og utgjorde 22,3 prosent av renteinvesteringane i fondet ved utgangen av kvartalet. Kredittpåslaget for

Figur 3 Kursutviklinga for obligasjonar som er utferda i ulike valutaer. Målt i lokal valuta. Indeksert 31.12.2015 = 100

Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

selskapsobligasjonar var fallande i kvartalet. Dei pantesikra obligasjonane til fondet, som hovudsakleg bestod av obligasjonar med fortrinnsrett denominert i euro, utgjorde 5,5 prosent av renteinvesteringane til fondet og fekk ei avkastning på 0,8 prosent.

Realrenteobligasjonar fekk ei avkastning på 0,7 prosent og utgjorde 4,7 prosent av renteinvesteringane til fondet.

Endringar i beholdninga av rentepapir

Marknadsverdien av investeringane i rentepapir i valutaene til framveksande land utgjorde 12,6 prosent av investeringane, mot 12,7 prosent i førre kvartal. Kredittverdigeita til Tyrkia vart nedgradert av Kredittvurderingsbyrået Moody's i september, og tyrkiske statsobligasjonar fall derfor ut av Finansdepartementet sin


referanseindeks ved kvartalsslutt. Ved utgangen av kvartalet utgjorde fondsinvesteringane i tyrkiske obligasjonar 0,8 prosent av renteinvesteringane til fondet. Investeringar i dollar, euro, pund og yen utgjorde 79,3 prosent av renteinvesteringane ved utgangen av tredje kvartal, mot 79,2 prosent ved inngangen til kvartalet.

I løpet av tredje kvartal auka marknadsverdien mest i fondet sine statsobligasjonar utferda av Storbritannia, Frankrike og Sør-Afrika. Statsobligasjonar utferda av USA, Japan og Tyrkia hadde størst reduksjon i marknadsverdi.

Relativ avkastning


Avkastninga på renteinvesteringane til fondet blir samanlikna med avkastninga til ein global referanseindeks for obligasjonar, fastsett av

Figur 4 Utviklinga i rentene på tiårige statsobligasjonar. Prosent



Kjelde: Bloomberg

Figur 5 Kursutviklinga for ulike obligasjonar. Målt i amerikanske dollar. Indeksert 31.12.2015 = 100



Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

Finansdepartementet, som tek utgangspunkt i indeksar frå Bloomberg Barclays Indices. I tredje kvartal var avkastninga på fondet sine rente-investeringar på linje med avkastninga til referanseindeksen for obligasjonar.


Intern referanseportefølje

Vi har utforma ein intern referanseportefølje for obligasjonar. Referanseporteføljen tek omsyn til særtekk og formål ved fondet, slik at porteføljen over tid gjev eit best mogleg byteforhold mellom forventa avkastning og risiko. Den interne referanseporteføljen for obligasjonar fekk ei avkastning på 0,8 prosent i tredje kvartal. Avkastninga var på linje med avkastninga til referanseindeksen fastsett av Finansdepartementet.


Tabell 6 Bidrag frå forvaltningsområda til aksje- og renteforvaltningas relative avkastning i tredje kvartal 2016. Prosentpoeng

	Totalt	Bidrag frå ekstern forvaltning
Aksjeforvaltning	0,17	0,03
Renteforvaltning	0,01	0,00
Allokering mellom aktivaklassene	-0,01	
Totalt	0,17	0,03

Figur 6 Fondets kvartalsvise avkastning og akkumulerte annualiserte avkastning. Prosent



Figur 7 Kvartalsvis relativ avkastning og akkumulert annualisert relativ avkastning på fondet, eksklusive eiedom. Prosentpoeng



EIGEDOMSINVESTERINGANE

Eigedomsinvesteringane til fondet utgjorde 3,1 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal. Eigedomsinvesteringane fekk i kvartalet ei samla avkastning på 2,3 prosent. Investeringane i unotert eigedom fekk ei avkastning på 1,9 prosent, mens investeringane i notert eigedom fekk ei avkastning på 3,5 prosent.

Avkastninga på dei unoterte eigedomsinvesteringane til fondet blir påverka av leigeinntekter fråtrekt driftskostnader, verdiendringar i eigedom og gjeld, endringar i valutakursar og transaksjonskostnader for kjøp av eigedom. Faste leigeinntekter fråtrekt driftskostnader bidrog positivt til resultatet med 0,9 prosentpoeng målt i lokal valuta. Verdiendring på eigedom og gjeld bidrog positivt til resultatet med 1,6 prosentpoeng målt i lokal valuta. Valutaendringar hadde ein negativ påverknad på avkastninga med -0,6 prosentpoeng i tredje kvartal. Transaksjonskostnader for kjøp av eigedom hadde negativ påverknad på avkastninga med -0,1 prosentpoeng.

Eigedomsporføljen blir verdsett av eksterne verdsetjarar kvart kvartal. I andre kvartal fekk fondet informasjon frå dei eksterne verdsetjarane om at dei, på grunn av manglande data, ikkje hadde teke høgd for moglege effektar av Brexit-avstemminga. Vi valde derfor å nedjustere den eksterne verdsetjinga for investeringane i Storbritannia med 5 prosent i det kvartalet. I tredje kvartal har det vore ein ordinær verdsetjingsprosess av fondet sine eigedomsinvesteringar i Storbritannia.

Nye kjøp og sal annonserte i kvartalet

I juli gjorde fondet ei ny investering sentralt i London, ein kontor- og handelseigedom på

Tabell 7 Avkastninga på fondets eigedomsinvesteringar i tredje kvartal 2016. Avkastningskomponentar på unoterte eigedomsinvesteringar. Prosent

	Avkastning
Netto resultat frå jamlege leigeinntekter	0,9
Netto verdiendringar på eigedom og gjeld	1,6
Transaksjonskostnader for kjøp av eigedom	-0,1
Resultat av valutajusteringar	-0,6
Unoterte eigedomsinvesteringar	1,9
Børsnotert eigedom	3,5
Total avkastning	2,3

Tabell 8 Verdien av eigedomsinvesteringane per 30. september 2016. Millionar kroner

	Verdi
Investeringar i unotert eigedom	166 634
Investeringar i notert eigedom	49 844
Bankinnskot og andre fordringar	1 188
Totalt	217 665

5 480 kvadratmeter med adresse 355-361 Oxford Street. Fondet betalte 124 millionar pund, tilsvarande 1,4 milliardar kroner, for 100 prosent av eigedomen. I august signerte fondet ein avtale om å kjøpe ein part på 44 prosent i to kontorbygg i San Francisco frå Kilroy Realty. Etter avtalen skal fondet betale 452,9 millionar dollar, tilsvarande 3,8 milliardar kroner, for sin part. I september kjøpte fondet ein part på 47,5 prosent i Constitution Square, ein kontor-eigedom i Washington D.C., i samarbeid med

MetLife. Fondet betalte 71,3 millionar dollar, tilsvarande 590 millionar kroner, ved overtaking, og har bunde seg til ei stipulert samla investering på 200,4 millionar dollar, tilsvarande 1,7 milliardar kroner.

I kvartalet selde fondet også éin logistikkeigedom i New Jersey og éin i nærleiken av Boston gjennom partnerskapet med Prologis. Fondet mottok høvesvis 43,8 millionar dollar, tilsvarande 364 millionar kroner, og 47,5 millionar dollar, tilsvarande 387 millionar kroner, for sin 45 prosent part i eigedomane.

ANSVARLEG FORVALTNING

Ansvarleg forvaltningsverksemd er ein integrert del av forvaltninga. Vi har strukturert arbeidet vårt i områda standardsetjing, eigarskap og risikohandtering.

Standardsetjing

I tredje kvartal bidrog vi på den internasjonale World Water Week i Stockholm. Konferansen er den største globale vasskonferansen i Europa, og eit forum for å diskutere måtar å handtere globalt aukande vassutfordringar.

Fondet stør eit forskingsprosjekt ved Columbia University som ser på vassrelatert miljø- og reguleringsrisiko innanfor gruvedrift. Våre sektorekspertar gav i kvartalet innspel på eit seminar i regi av forskingsprosjektet om miljø- og samfunnsrisikoar i gruveindustrien.

I løpet av kvartalet leverte vi eit høyringsinnspel til Securities and Exchange Commission (SEC) om berekraftsrapportering. Vi fremja synet vårt om at det bør leggast opp til eit prinsippbasert rammeverk der selskapa rapporterer om finansiell risiko knytt til viktige berekraftsutfordringar. Vi framheva at styret bør ha

overoppsynet med denne typen risiko internt i selskapa.

Vi leverte også innspel til sekretariatet til Principles for Responsible Investment (PRI) om det finansielle systemet og berekraftig utvikling. Vi uttrykte støtte til sekretariatet sin ambisjon om å bidra til forskning på dei finansielle sidene av berekraftproblemstillingar. Vi streka under at slike spørsmål kan vere viktige for langsiktige kapitaleigarar, sidan desse har ei særleg økonomisk interesse i at berekraftmåla til FN blir nådde.

Vidare sende vi eit brev til Financial Stability Board (FSB) der vi uttrykte støtte til arbeidet deira med å evaluere innføringa av G20/OECD sine prinsipp for selskapsstyring blant finansinstitusjonar. Vi framheva rolla styret har innanfor selskapsstyring.

Eigarskap

Vi stemte ved 1 369 generalforsamlingar i tredje kvartal. I løpet av kvartalet vurderte og stemte vi på 11 214 forslag. 227 av desse var aksjonærforslag.

Majoriteten av generalforsamlingar er i første halvår. Tredje kvartal er derfor eit naturleg startpunkt for den årlege gjennomgangen vår av retningslinjene for stemmegjeving basert på den siste utviklinga og nye erfaringar.

Som eit ledd i selskapsdialogen vår har vi i løpet av kvartalet halde ei rekkje møte med styreleiarar og styremedlemer i eit utval av dei største selskapa vi er investerte i. Diskusjonane har vore tilpassa kvart enkelt selskap og har dekt tema som endringar i leiinga, strategi, berekraft, avlønning, styresamansetjing og etterfølgjarplanlegging.

Risikohandtering

I løpet av kvartalet gjennomførte vi ein feltanalyse av palmeoljeindustrien i Indonesia. Vi møtte utvalde palmeoljeaktører, representantar frå styresmakter og frivillige organisasjonar som arbeider for å gjere industrien meir berekraftig. Innsikta frå denne analysen vil bli brukt i vår gjennomgang av sektoren.

Observasjon og utelukking

Hovudstyret i Noregs Bank vedtok i tredje kvartal, etter tilråding frå Etikkrådet, å utelukke selskapa Duke Energy Corp og dei heileigde dotterselskapa Duke Energy Carolinas LLC, Duke Energy Progress LLC og Progress Energy Inc. Selskapa vart utelukka etter ei vurdering av risikoen for alvorleg miljøskade.

Noregs Bank offentliggjorde også hovudstyret sitt vedtak om å oppheve utelukka av selskapet Singapore Technologies Engineering Ltd på bakgrunn av ei tilråding frå Etikkrådet. Etikkrådet har fått ei stadfesting frå Singapore Technologies Engineering om at selskapet ikkje lenger har noka verksemd i tilknytning til produksjon av verken antipersonelllandminer eller klasevåpen. Selskapet vart utelukka frå fondet i 2002.

RISIKOSTYRING

Samansetjinga av investeringane og svingingar i aksjekursar, valutakursar, rentenivå, eigedomsverdiar og kredittrisikopåslag avgjer marknadsrisikoen til fondet. Det finst ingen enkeltmål eller analyse som fullt ut kan beskrive marknadsrisikoen til fondet. Derfor bruker vi ulike måltal og risikoanalysar, som forventa volatilitet, faktoreksponering, konsentrasjonsanalyse og likviditetsrisiko, for å få eit breiast mogleg bilete av marknadsrisikoen til fondet.

Forventa absolutt volatilitet for fondet, berekna ved det statistiske målet standardavvik, bruker tre års prishistorikk for å stipulere kor mykje den årlege avkastninga på aksje- og renteinvesteringane til fondet normalt kan ventast å svinge. Ved utgangen av tredje kvartal var den forventa absolutte volatiliteten til fondet på 10,5 prosent, eller om lag 750 milliardar kroner, mot 10,3 prosent ved inngangen til kvartalet. Auken var hovudsakleg driven av noko høgare forventa volatilitet for aksjar.

Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå referanseindeksen fondet kan ha i forvaltninga av aksje- og renteinvesteringane. Ei av grensene er forventa relativ volatilitet, som legg ei avgrensing på kor mykje avkastninga på investeringane kan forventast å avvike frå avkastninga på referanseindeksane for fondet. Forvaltninga skal leggast opp med sikte på at den forventa relative volatiliteten ikkje skal stige over 1,25 prosentpoeng. Denne grensa vart auka frå 1 prosentpoeng 1. februar 2016. Ved utgangen av kvartalet var den forventa relative volatiliteten på 0,29 prosentpoeng. Dette var litt høgare enn det han var ved inngangen til kvartalet.

Hovudstyret i Noregs Bank har sett ei grense for forventa ekstremavviksrisiko mellom avkastninga av aksje- og renteinvesteringane og tilhøyrande referanseindeks frå og med 1. mars 2016. Forvaltninga skal leggast opp slik at negativ relativ avkastning i ekstreme situasjonar ikkje er forventa å stige over 3,75 prosentpoeng. Ved utgangen av tredje kvartal var ho på 0,85 prosentpoeng, samanlikna med 0,83 prosentpoeng ved inngangen til kvartalet.


Operasjonell risikostyring

Hovudstyret i Noregs Bank fastset rammene for operasjonell risikostyring og internkontroll i Norges Bank Investment Management.


Hovudstyret har bestemt at det i løpet av ein tolv månaders periode skal vere mindre enn 20 prosent sannsyn for at operasjonelle risikofaktorar vil føre til 750 millionar kroner eller meir i brutto tap. Denne grensa blir kalla styret sin risikotoleranse.

Vi stipulerer kvart kvartal kor store tap eller vinstar vi vil kunne få på eitt års sikt som følgje av uønskte operasjonelle hendingar i og rundt forvaltninga. Anslaget baserer seg på hendingar som har skjedd, og vurdering av framtidig risiko. Anslaget representerer den berekna operasjonelle risikoeksponeringa for fondet. I tredje kvartal var den estimerte operasjonelle risikoeksponeringa innanfor styret sin risikotoleranse. I kvartalet vart det registrert

Figur 8 Forventa absolutt volatilitet for fondet. Prosent (venstre akse) og milliardar kroner (høgre akse)



Figur 9 Forventa relativ volatilitet for fondet, eksklusive eiedom. Basispunkt



71 uønskete operasjonelle hendingar. Samla sett gav hendingane ein estimert finansiell effekt på 34,4 millionar kroner.

Finansdepartementet har sett reglar for fondsforvaltninga. Departementet skal

orienterast ved vesentlege brot på spesifiserte rammer. Det vart ikkje avdekt nokon slike brot i løpet av kvartalet. Vi fekk i same periode heller ikkje noko varsel om vesentlege brot på marknadsreguleringar eller anna generell lovgjeving frå lokale tilsynsmyndigheiter.



Tabell 9 Risiko og eksponering for fondet. Prosent

	Grenser fastsette av Finansdepartementet	30.09.2016
Eksponering	Aksjar 50–70 prosent av fondet ¹	60,3
	Eigedom 0–5 prosent av fondet	3,1
Marknadsrisiko	1,25 prosentpoeng forventa relativ volatilitet for fondets aksje- og renteinvesteringar	0,3
Kredittrisiko	Inntil 5 prosent av renteinvesteringane kan ha lågare kredittvurdering enn kategori BBB-	2,4
Eigardel	Maksimalt 10 prosent av aksjar det er stemmerett for i eit børsnotert selskap i aksjeporteføljen	9,6

¹ Eksponering mot aksjar er berekna der derivat er avbilda med den underliggjande økonomiske eksponeringa mot aksjar.

Nøkkeltal

Tabell 10 Kvartalsvis avkastning per 30. september 2016

	3. kv. 2016	2. kv. 2016	1. kv. 2016	4. kv. 2015	3. kv. 2015	Hittil i år 30.09.2016
Avkastning målt i fondets valutakorg						
Avkastning på aksjeinvesteringane (prosent)	6,03	0,66	-2,90	5,83	-8,56	3,64
Avkastning på renteinvesteringane (prosent)	0,89	2,49	3,32	0,07	0,90	6,83
Avkastning på eigedomsinvesteringane (prosent)	2,29	-1,42	-1,29	1,61	2,97	-0,46
Avkastning på fondet (prosent)	4,00	1,27	-0,63	3,55	-4,93	4,65
Avkastning på aksje- og renteinvesteringane (prosent)	4,05	1,36	-0,61	3,61	-5,15	4,82
Avkastning på referanseindeksen for aksjar og obligasjonar (prosent)	3,88	1,47	-0,43	3,50	-4,93	4,96
Relativ avkastning på aksje- og renteinvesteringane (prosentpoeng)	0,17	-0,11	-0,18	0,11	-0,22	-0,14
Relativ avkastning på aksjeinvesteringane (prosentpoeng)	0,27	-0,15	-0,21	0,12	-0,07	-0,11
Relativ avkastning på renteinvesteringane (prosentpoeng)	0,04	-0,06	-0,21	0,17	-0,64	-0,24
Forvaltningsgodtgjersle (prosentpoeng)	0,01	0,01	0,01	0,01	0,01	0,04
Avkastning på fondet etter forvaltningskostnader (prosent)	3,98	1,26	-0,64	3,54	-4,95	4,62
Avkastning målt i norske kroner (prosent)						
Avkastning på aksjeinvesteringane	1,54	1,11	-7,14	8,65	-2,29	-4,66
Avkastning på renteinvesteringane	-3,39	2,95	-1,19	2,73	7,82	-1,72
Avkastning på eigedomsinvesteringane	-2,04	-0,98	-5,60	4,32	10,03	-8,43
Avkastning på fondet	-0,41	1,72	-4,97	6,31	1,59	-3,73

Tabell 11 Historiske nøkkeltal per 30. september 2016. Annualiserte tal målt i fondets valutakorg

	Sidan 01.01.1998	Siste 10 år	Siste 5 år	Siste 3 år	Siste 12 månader
Avkastning på fondet (prosent)	5,66	5,35	9,69	6,58	8,37
Avkastning på aksje- og renteinvesteringane (prosent)	5,66	5,34	9,68	6,55	8,61
Avkastning på referanseindeksen for aksjar og obligasjonar (prosent)	5,41	5,29	9,53	6,65	8,64
Relativ avkastning på aksje- og renteinvesteringane (prosentpoeng)	0,25	0,05	0,15	-0,10	-0,03
Årleg prisvekst (prosent)	1,76	1,76	1,27	0,94	0,90
Årlege forvaltningskostnader (prosent)	0,09	0,08	0,06	0,06	0,06
Årleg netto realavkastning (prosent)	3,75	3,44	8,25	5,53	7,35
Standardavvik (prosent)	7,53	9,03	6,72	6,60	7,62
Faktisk relativ volatilitet på fondets aksje- og renteinvesteringar (prosentpoeng)	0,71	0,90	0,38	0,37	0,35
Informasjonsrate (IR) ¹ på aksje- og renteinvesteringane	0,37	0,11	0,39	-0,24	-0,04

¹ IR er eit mål på risikjustert avkastning. IR blir berekna som forholdstalet mellom den gjennomsnittlege månadlege relative avkastninga på fondet og den faktiske relative volatiliteten i fondet. IR viser den relative avkastninga per risikoeining.

Tabell 12 Nøkkeltal per 30. september 2016

	3. kv. 2016	2. kv. 2016	1. kv. 2016	4. kv. 2015	3. kv. 2015
Marknadsverdi (mrd. kroner)					
Aksjeinvesteringanes marknadsverdi	4 317	4 275	4 234	4 572	4 191
Renteinvesteringanes marknadsverdi	2 584	2 681	2 622	2 668	2 620
Eigedomsinvesteringanes marknadsverdi	218	221	223	235	208
Fondets marknadsverdi¹	7 118	7 177	7 079	7 475	7 019
Påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle ¹	-3	-2	-1	-4	-3
Eigars kapital ¹	7 116	7 175	7 078	7 471	7 016
Tilførsel/uttak av kapital ²	-30	-24	-21	13	12
Utbetalt forvaltningsgodtgjersle ²	0	0	-4	0	0
Fondets avkastning	240	94	-85	279	-273
Endring som følge av svingingar i kronekursen	-269	28	-286	164	382
Endring i marknadsverdien	-58	98	-396	456	121
Kostnader i forvaltninga (prosent)					
Forvaltningskostnader	0,05	0,05	0,04	0,06	0,05
Verdiutvikling f.o.m. første tilførsel i 1996 (mrd. kroner)					
Samla tilførsel av kapital	3 423	3 452	3 475	3 499	3 485
Samla avkastning	2 925	2 685	2 591	2 676	2 397
Samla forvaltningsgodtgjersle ³	-34	-33	-32	-31	-30
Endring som følge av svingingar i kronekursen	804	1 073	1 045	1 331	1 167
Fondets marknadsverdi	7 118	7 177	7 079	7 475	7 019
Samla avkastning etter forvaltningskostnader	2 891	2 652	2 559	2 645	2 367

¹ Marknadsverdien av fondet er presentert i tabellen før påkomen forvaltningsgodtgjersle. Eigars kapital i rekneskapet er lik fondets marknadsverdi fråtrekt påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

² Utbetalt forvaltningsgodtgjersle er spesifisert på eiga linje, og ikkje inkludert under Tilførsel/uttak av kapital.

³ Forvaltningskostnader i dotterselskap, jf. Tabell 9.2 i rekneskapen, er ikkje ein del av forvaltningsgodtgjersla. Desse er alt trekte frå i samla avkastning, dvs. i avkastning før forvaltningsgodtgjersle.

Tabell 13 Akkumulert avkastning sidan første tilførsel i 1996. Milliardar kroner

	3. kv. 2016	2. kv. 2016	1. kv. 2016	4. kv. 2015 ¹	3. kv. 2015
Aksjeinvesteringenes avkastning	1 866	1 650	1 620	1 786	1 529
Renteinvesteringenes avkastning	1 022	1 004	939	859	840
Egdomsinvesteringenes avkastning	37	31	31	31	28
Fondets avkastning	2 925	2 685	2 591	2 676	2 397

¹ Fordelinga på avkastning mellom aksjeinvesteringane og renteinvesteringane er korrigert i forhold til tidlegare rapporterte tal.

Regnskaps- rapportering

Regnskapsrapporteringen for Statens pensjonsfond utland er presentert på de følgende sidene.

REGNSKAP

Resultatregnskap _____	24
Balanse _____	25
Kontantstrømoppstilling _____	26
Oppstilling av endringer i eiers kapital _____	27

NOTER TIL REGNSKAPSRAPPORTERING

Note 1	Generell informasjon _____	28
Note 2	Regnskapsprinsipper _____	29
Note 3	Avkastning per aktivaklasse _____	30
Note 4	Inntekt/kostnad fra Aksjer og andeler, Obligasjoner og Finansielle derivater _____	31
Note 5	Beholdninger av Aksjer og andeler, Obligasjoner og Finansielle derivater _____	32
Note 6	Unotert eiendom _____	33
Note 7	Måling til virkelig verdi _____	36
Note 8	Risiko _____	41
Note 9	Forvaltningskostnader _____	47

REVISOR

Revisors uttalelse _____	49
--------------------------	----

Resultatregnskap

Beløp i millioner kroner	Note	3. kvartal 2016	3. kvartal 2015	Hittil i år 30.09.2016	Hittil i år 30.09.2015	2015
Resultat fra porteføljen før gevinst/tap valuta						
Inntekt/kostnad fra:						
- Aksjer og andeler	4	218 761	-306 059	81 661	10 452	284 414
- Obligasjoner	4	18 201	32 929	169 993	34 536	36 160
- Unotert eiendom	6	4 047	3 449	4 827	10 831	14 537
- Finansielle derivater	4	-728	-3 036	-7 208	-1 560	-1 984
- Utlån med sikkerhetsstillelse		891	593	2 982	2 531	3 266
- Innlån med sikkerhetsstillelse		82	65	20	78	50
Skattekostnad		-1 188	-910	-3 582	-2 263	-2 628
Renteinntekter/kostnader		-16	3	-50	-18	-18
Andre kostnader		-8	-11	-35	-11	-18
Porteføljeresultat før gevinst/tap valuta		240 042	-272 977	248 608	54 576	333 779
Gevinst/tap valuta		-268 839	382 435	-527 072	504 119	668 138
Porteføljeresultat		-28 797	109 458	-278 464	558 695	1 001 917
Forvaltningsgodtgjøring	9	-1 096	-1 074	-2 906	-2 813	-3 933
Periodens resultat og totalresultat		-29 893	108 384	-281 370	555 882	997 984

Balanse

Beløp i millioner kroner	Note	30.09.2016	31.12.2015
EIENDELER			
Innskudd i banker		12 349	2 543
Utlån med sikkerhetsstillelse		142 352	123 385
Avgitt kontantsikkerhet		5 699	2 231
Uoppgjorte handler		44 350	18 404
Aksjer og andeler	5	3 963 336	4 287 606
Utlånte aksjer	5	381 607	312 662
Obligasjoner	5	2 229 084	2 476 729
Utlånte obligasjoner	5	418 131	241 518
Unotert eiendom	6	166 634	180 021
Finansielle derivater	5	4 512	8 829
Andre eiendeler		1 894	2 265
SUM EIENDELER		7 369 948	7 656 193
GJELD OG EIERS KAPITAL			
Gjeld			
Innlån med sikkerhetsstillelse		193 776	149 735
Mottatt kontantsikkerhet		419	2 570
Uoppgjorte handler		47 923	22 438
Finansielle derivater	5	8 487	5 266
Annen gjeld		887	1 031
Skyldig forvaltningsgodtgjøring	9	2 906	3 933
Sum gjeld		254 398	184 973
Eiers kapital		7 115 550	7 471 220
SUM GJELD OG EIERS KAPITAL		7 369 948	7 656 193

Kontantstrømoppstilling

Beløp i millioner kroner, innbetaling (+) / utbetaling (-)	Hittil i år 30.09.2016	Hittil i år 30.09.2015	2015
Operasjonelle aktiviteter			
Innbetaling av utbytte fra aksjer og andeler	98 182	88 508	108 904
Innbetaling av renter fra obligasjoner	56 582	56 144	75 283
Innbetaling av renter og utbytte fra unotert eiendom	2 652	2 651	3 532
Netto innbetaling av renter og honorar fra utlån og innlån med sikkerhetsstillelse	3 078	2 567	3 324
<i>Innbetalinger av renter, utbytte og honorar fra beholdninger i aksjer og andeler, obligasjoner og unotert eiendom</i>	<i>160 494</i>	<i>149 870</i>	<i>191 043</i>
Netto innbetaling/utbetaling ved kjøp og salg av aksjer og andeler	-57 934	-56 330	-89 916
Netto innbetaling/utbetaling ved kjøp og salg av obligasjoner	-16 524	-115 269	-140 103
Netto innbetaling/utbetaling ved kjøp og salg av unotert eiendom	-4 880	-30 655	-44 946
Netto innbetaling/utbetaling fra finansielle derivater	-3 618	-2 453	-3 165
Netto innbetaling/utbetaling av kontantsikkerhet ved derivattransaksjoner	-5 770	-229	730
Netto innbetaling/utbetaling ved utlån og innlån med sikkerhetsstillelse	20 502	15 071	33 708
Netto innbetaling/utbetaling av skatt	-3 608	-2 113	-1 499
Netto innbetaling/utbetaling av renter på innskudd i banker og kassekreditt	-45	310	-6
Netto innbetaling/utbetaling knyttet til andre kostnader, andre eiendeler og annen gjeld	-316	1 584	1 309
Utbetaling forvaltningshonorar til Norges Bank*	-3 933	-3 202	-3 202
Netto innbetaling/utbetaling fra operasjonelle aktiviteter	84 368	-43 416	-56 047
Finansieringsaktiviteter			
Tilførsel fra den norske stat**	-	32 869	45 836
Uttak fra den norske stat**	-74 052	-	-
Netto innbetaling/utbetaling fra finansieringsaktiviteter	-74 052	32 869	45 836
Netto endring i kontanter			
Innskudd i banker per 1. januar	2 543	11 731	11 731
Netto innbetaling/utbetaling av kontanter i perioden	10 316	-10 547	-10 211
Netto gevinst/tap valuta på kontanter	-510	1 528	1 023
Innskudd i banker per periodens slutt	12 349	2 712	2 543

* Forvaltningsgodtgjøring som fremkommer i *Kontantstrømoppstillingen* for en periode er oppgjør av godtgjøring påløpt og resultatført i forrige år.


** *Tilførsel/uttak* inkluderer her kun de overføringer som er gjort opp i perioden (kontantprinsippet). *Tilførsel/uttak i Oppstilling av endringer i eiers kapital* er basert på opptjent tilførsel/uttak.

Oppstilling av endringer i eiers kapital

Beløp i millioner kroner	Tilført fra eier	Opptjente resultater	Sum eiers kapital*
1. januar 2015	3 448 941	2 978 596	6 427 537
Totalresultat	-	555 882	555 882
Netto tilførsel/uttak i perioden*	32 700	-	32 700
30. september 2015	3 481 641	3 534 478	7 016 119
1. oktober 2015	3 481 641	3 534 478	7 016 119
Totalresultat	-	442 102	442 102
Netto tilførsel/uttak i perioden*	13 000	-	13 000
31. desember 2015	3 494 640	3 976 580	7 471 220
1. januar 2016	3 494 640	3 976 580	7 471 220
Totalresultat	-	-281 370	-281 370
Netto tilførsel/uttak i perioden*	-74 300	-	-74 300
30. september 2016	3 420 340	3 695 210	7 115 550

* I de tre første kvartalene av 2016 ble 78,2 milliarder kroner trukket fra kronekontoen. Av dette ble 3,9 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2015. I de tre første kvartalene av 2015 ble 32,7 milliarder kroner tilført kronekontoen. Av dette ble 3,2 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2014.

Norges Banks hovedstyre
Oslo, 26. oktober 2016



Øystein Olsen
Leder



Jon Nicolaisen
Første nestleder



Egil Matsen
Andre nestleder



Hilde Myrberg



Karen Helene Ulltveit-Moe



Kjetil Storesletten



Kathryn M. Baker



Steinar Juel

Noter til regnskapsrapportering

Note 1 Generell informasjon

1. INNLEDNING

Norges Bank er sentralbanken i Norge. Banken forvalter landets valutareserver og Statens pensjonsfond utland (SPU).

SPU skal støtte statlig sparing for finansiering av fremtidige utgifter og underbygge langsiktige hensyn ved bruk av Norges petroleumsinntekter. Stortinget har fastsatt rammene i lov om Statens pensjonsfond, og Finansdepartementet har det formelle ansvaret for fondets forvaltning. SPU forvaltes av Norges Bank på vegne av Finansdepartementet i henhold til lov om Statens pensjonsfond § 2 annet ledd og mandat for forvaltning av Statens pensjonsfond utland fastsatt av Finansdepartementet. Hovedstyret i Norges Bank har delegert gjennomføringen av forvaltningsoppdraget til Norges Bank Investment Management.

Finansdepartementet har plassert fondsmidlene til forvaltning i SPU som et kroneinnskudd på en særskilt konto i Norges

Bank (*kronekontoen*). Banken skal i eget navn videreplassere kronekontoen i en investeringsportefølje bestående av aksjer, rentepapirer og fast eiendom. SPU er i sin helhet investert utenfor Norge.

I henhold til mandat for forvaltningen foretas overføringer til og fra kronekontoen. Når Statens petroleumsinntekter overstiger Statens oljepengebruk over statsbudsjettet vil det gjøres innskudd på kronekontoen. I motsatte tilfeller vil det kunne gjøres uttak. Overføringer til og fra kronekontoen medfører en tilsvarende endring i *Eiers kapital*.

2. GODKJENNING AV KVARTALSREGNSKAPET

Kvartalsregnskapet til Norges Bank for tredje kvartal 2016, som kun omfatter regnskapsrapporteringen for SPU, ble godkjent av hovedstyret 26. oktober 2016.

Note 2 Regnskapsprinsipper

1. GRUNNLAG FOR UTARBEIDELSE AV KVARTALSREGNSKAPET

